

## Saksframlegg

Utval	Utvaksaknr.	Møtedato
Høgskulestyret 2019/2023	106/20	10.12.2020

**LOKALE LØNSFORHANDLINGAR ETTER 2.5.1 OG 2.5.2 HAUSTEN 2020****Framlegg til vedtak**

1. Styret tek orienteringa om årets lønnsoppgjer til vitende.
2. Styret vedtek at det ikkje vert avsett lokale midlar til årets 2.5.1-forhandlingar.

## Vedlegg

Brev frå UDF, FF og NTL

**Bakgrunn**

På grunn av Covid-19 pandemien, vart årets lønnsoppgjer i staten utsett, og Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) og hovudsamanslutningane vart einige om å forlenge hovudtariffavtalane i staten (HTA) til og med 15. september 2020. Partane vart samde i mekling 16. oktober 2020.

Denne saka gir ei kort orientering om forhandlingane etter punkt 2.5.1 *Årlege forhandlingar* og 2.5.2 *Årleg lønnsregulering for leiarar* i hovudtariffavtalen, og årets økonomiske ramme. I tillegg skal styret ta stilling til om det skal setjast av ein ekstra pott lokalt, slik hovudtariffavtalen opnar for.

Dersom styret ønskjer meir informasjon om hovudtariffavtalen, er det lenke til avtalane [her](#).

2.5.1-forhandlingar:

HTA punkt 2.5.1 regulerer lokale lønsforhandlingar. Ved HVO er det praksis at det er høgskuledirektør som representerer arbeidsgivarsida i lønsforhandlingar. Denne oppgåva er delegert frå Høgskulestyret i delegasjonsreglementet.

Lokale lønsforhandlingar etter HTA punkt 2.5.1 føreset at det sentralt er avsett midlar og/eller vert avsett midlar frå arbeidsgivar (Høgskulestyret). I november 2020 har KMD sendt ut brev med grunnlagsdata og rettleiing til korleis verksemda skal rekne ut den lokale avsettinga, og sett ramme for forhandlingane.

### Årets økonomiske ramme:

Den økonomiske avsetninga til dei årlege lokale forhandlingane går fram av punkt 2.5.1 i alle hovudtariffavtalane. Det er i oppgjeret i år berre sett av sentrale midlar til lokale forhandlingar i avtalen med Akademikerne. Etter avtalen med Akademikerne skal det først lokale forhandlingar innanfor ei økonomisk ramme på 0,45 prosent av lønnsmassen for medlemmene. Verknadsstidspunktet for lokale forhandlingar er 1. oktober 2020. Anna verknadspunkt kan ikkje avtalast.

I avtalen med LO Stat, Unio og YS Stat vart alle dei avsette midlane brukt til å regulere hovudlønstabellen (sentrale tillegg), og det vart ikkje avsett sentrale midlar til lokale lønsforhandlingar. Etter retningslinjene gitt i brev frå KMD har ein berekna pott for Akademikerne til å utgjere kr. 102.308.

Arbeidsgivar kan setje av lokale midlar til forhandlingane i tillegg til sentralt avsette midlar. Dersom dette vert gjort, skal arbeidsgjevar orientere om dette før forhandlingane startar. Arbeidsgjevar har ikkje høve til å setje einsidige vilkår for bruk av lokalt avsette midlar.

NTL, UDF og FF innanfor hovudsamanslutninga LO, UNIO og YS har i brev til styreleiar bedt Høgskulestyret sette av eigne lokale midlar til 2.5.1 forhandlingane i 2020. Dette som ei ekstra påskjøning for ekstrainsats dei tilsette har gjort under pandemien.

### 2.5.2-lønnsfastsetjing:

HTA punkt 2.5.2 regulerer lønsfastsetjing for leiarar. Etter HTA 2.5.2 er det styret som fastset løn for øvste leiar. For neste leiarnivå er det ved HVO praksis for at høgskuledirektør representerer arbeidsgivarsida i lønsfastsetjinga. Denne oppgåva er delegert frå Høgskulestyret.

Etter HTA punkt 2.5.2 føreset lønsregulering for «neste leiarnivå» dekning innanfor HVO sitt eige budsjett. Lønsreguleringa kan berre gjerast i tilknytning til lokale forhandlingar etter HTA punkt 2.5.1, eller når vilkåra for lønsendring på særskilt grunnlag etter HTA 2.5.3 er til stede. I brev frå KMD blir det presisert at «neste leiarnivå» omfattar leiarar med personalansvar som er direkte underlagt verksemda sin øvste leiar.

### **Vurdering**

Ved HVO har det ikkje vore praksis å setje av eigne lokale midlar til 2.5.1-forhandlingar. Direktør ser at mange tilsette har lagt ned ein stor innsats i samband med pandemien, men meiner at ein prinsipielt skal følge dei sentrale forhandlingane der ein vert samde om ei ramme for lønsoppgjeret ut frå samfunnssituasjonen og resultatet for frontfaget. Stats-tilsette har gjennom pandemien hatt jobbtrygghet og oppretthalde løna, medan svært mange andre i landet har opplevd det motsette. Vi meiner difor at vi som statleg arbeidsgivar ikkje bør vere pådrivar for å gå ut over rammene for lønsoppgjeret.

Direktør vil såleis innstille til Høgskulestyret at det ikkje vert sett av lokale midlar i årets 2.5.1. forhandlingar. Direktør ser det som naturleg at det er lik profil på årets 2.5.2-lønnsfastetjing som 2.5.1-oppgjeret.